

Masfjorden kommune  
v/ Sveinung Toft  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

**Skriv frå elevrådet vedrørande saka om støy ved uteområdet ved Sandnes skule**

Elevrådet ved Sandnes skule ønskjer å kome med innspel til kommunen om saka om støy ved basketbana ved Sandnes skule. Kommunen, ved assisterande rådmann Sveinung Toft, kjem med eit framlegg i skriv datert 09.06.2022 der kommunen tilrår at leikehyttene i det aktuelle området bør bli flytta og basketbana vert tilrådd brukt mellom klokka 10.00 -16.30, og set høyringsfristen til 01.08.2022. Me vil påpeike at me respekterer naboane, altså klagar, men me finn likevel fleire punkt ved denne saka som er problematiske, noko som me vil få fram her.

Først vil me nemne at me finn det merkeleg at kommunen i første omgang set høyringsfrist til 1.august 2022 , ein dato som er før skulestart og på den måten gjer sitt til at vår stemme ikkje blir høyrte. I tillegg har ein ikkje konstituert SU eller FAU for skuleåret 22/23 til den aktuelle datoen, noko som gjer sitt til at ein kunne risikere at desse stemmene heller ikkje vert høyrde. For vår del ser me det som viktig at elevrådet, som tross alt representerer alle elevane på skulen vår, får seie si meining om denne saka.

Me ser på det som viktig at me born og unge er i aktivitet fordi det er bra for helsa, og det er i tillegg bra å vere sosial ilag med andre ungdommar. Kor skal me vere sosiale og aktive om me ikkje kan vere det på området rundt skulen, med andre ord fotballbana og basketbana? Det er få samlingsplassar i bygda vår. Basketbana og området rundt skulen fungerer som møteplass for oss som går på skulen her, og litt eldre ungdommar. Om tilrådinga til kommunen om at basketbana skal brukast mellom klokka 10.00-16.30 vil stå, vil det med andre ord bety at ungdommar som går på vidaregåande skule ikkje rekk heim til å bruke bana. Det ser me på som svært uheldig. Me lurar også på kor kommunen meiner me skal spele basketball om me ikkje kan gjere det på den plassen som no vert brukt som basketbane?

Slik me ser det har klagar sjølv vald å kjøpe hus rett attmed ein skule / idrettsanlegg og tenker såleis at dei må rekne med at det kjem noko støy frå ein skule og eit idrettsanlegg. Alt av aktiviteter som kulturskulen, korps, fotball og allidrett skjer på områder rundt skulen på ettermiddagen, og akkurat desse fritidsaktivitetane er svært viktige for oss unge som bur i bygda, frå Einestrand til Ådnekvam.

Me i elevrådet vil med dette sterkt oppmoda kommunen til å tenkje på oss unge i denne saka. Me ser det som svært uheldig at det skal koma tidsavgrensingar i kortid me skal kunne bruke uteområdet og idrettsanlegget rundt skulen.

Amalie Lahti Fjellby

Leiar elevrådet Sandnes skule

